

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
012/2015	Formannskapet i Radøy	PS	19.02.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Lin Tove Thomassen	15/215	15/1491

### Høyring - Forskrift om forsøk med elektronisk avkryssing i manntalet

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Forskrifta inneheld dei tillegga som skal til for å gjennomføre forsøket på ein god måte.

I §3 punkt to siste setning bør endrast til: «veljar legg sjølv stemmesetel i urna med ordinære stemmesetlar».

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Radøy kommune er ein av 28 kommunar som skal gjennomføre forsøk med elektronisk avkryssing i manntal under valdagen. I den samanheng har Kommunal- og moderniseringsdepartementet sendt ut eit høyringsbrev for forskrift om forsøk med elektronisk avkryssing i manntal.

Høringsfrist er sett til 1.mars 2015 og det vil bli tatt endeleg stilling til forskrifta etter høyringsfristen. Forskrifta vil berre gjelde dei som er med i forsøket.

Med elektronisk avkryssing er manntalet online. Røystestyret set eit elektronisk kryss på veljar når han legg si stemme i urna.

Veljarar som stemmer i ein annan krins enn den dei er heimehøyrande i (framandstemme), vert handtert likt som ein veljar heimehøyrande i krinsen. Valstyret treng ikkje godkjenne desse.

Ved nettverksbrot vil røystestyret gå over til beredskapsrutine med oransje konvoluttar og utfylling av valkort. Desse må godkjennast av valstyret.

#### Vurdering

Radøy har delteke i forsøket ved dei to føregåande vala og det er ikkje kome nye endringar i forskrifta frå valet i 2013.

Ein stor fordel med elektronisk manntal er at ein framandstemme vert handtert likt som veljarar heimehøyrande i krinsen. Bakdelen er at dersom kommunen har krinsvis oppteljing, så er det ikkje

mogleg å skilja ut framandstemmene

Teksten «Velger ligger sjølv stemmeseddel i urne» er siste setninga i forskrifta §3 punkt 2. Denne gjev rom for tolking når det gjeld type urne. Beredskapskonvolutter skal leggjast i særskild urne. Framandstemmene skal leggjast i urne, saman med dei ordinære stemmene i krinsen. Vårt forslag til ny tekst er: «veljar legg sjølv stemmesetel i urna med ordinære stemmesetlar».

### **Konklusjon**

Forskrifta inneheld dei tillegga som skal til for å gjennomføre forsøket på ein god måte.

### **Formannskapet i Radøy - 012/2015**

#### **FS - handsaming:**

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

#### **FS - vedtak:**

Forskrifta inneheld dei tillegga som skal til for å gjennomføre forsøket på ein god måte.

I §3 punkt to siste setning bør endrast til: «veljar legg sjølv stemmesetel i urna med ordinære stemmesetlar».

#### **Vedlegg:**

UtkastForskriftelektroniskavkryssingt

Høring - Forskrift om forsøk med elektronisk avkryssing i

Høringsinstanser